

Organisasjonsformer for folkehøgskular

Aktuelle organisasjonsmodellar

Følgjande modellar er brukt av folkehøgskular:

- Stifting
- Foreining
- Aksjeselskap (AS)
- Samvirke (SA) – berre aktuell for dei skulane som var organisert som BA tidlegare.

STIFTING

Det rettslege grunnlaget for stiftinga er knytt til forvaltinga av ein grunnkapital på minst kr 100.000 som er stilt til disposisjon for å fremje eit bestemt føremål.

- Sjølveigande.
- Lovregulert der stiftingstilsynet fører kontroll.
- Har ikkje medleamar.
- All mynde og forvalting er lagt til stiftingsstyret.
- Strengt krav til -/ vanskeleg å endre mål for stiftinga (§ 55 c). Lite fleksibel organisasjonsform
- Alle vedtektsendringar skal inn til stiftingstilsynet for godkjenning (§ 46)
- Kontrollen over ei stifting frå stiftaren si side, kan berre utøvast gjennom dei valde representantane til stiftingsstyret. Det er difor viktig at det blir tydeleg i vedtektene kven som utnemner representantar til stiftingsstyret.
- Eigiar (stiftaren) kan ikkje få attendeført eigedommen ved evt avvikling.
- Gir høve til langsiktig planlegging av folkehøgskuledrifta.

Ei stifting kan omfatte både eigedom og drift av skulen:

- a) eigedommen kan leigast av eigiar (eigedomsselskap) og sjølve stiftinga kan ha som føremål å drive folkehøgskule
- b) eigedommen er stifting og eigiar har som føremål å drive folkehøgskule.

Dersom eigiar (stiftar) ønskjer å ha styring med eigedommen sjølv om det i framtida skulle bli umogleg å drive folkehøgskule, må målparagrafen gjerast open og mest mogleg lik eigiar (stiftar) si målformulering.

Lov om stiftelser: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2001-06-15-59>

Opprette stifting (§§ 9-13)

Det skal sendast søknad om godkjenning av stiftinga til Stiftingsregisteret via Brønnøysundregistra.

- 1 Stiftingsdokument
 - a) Mål
 - b) Grunnkapital
 - c) Samansetjing av styret
 - d) Evt særrettar

2 Vedtekter

- a) Namn på stiftinga
- b) Mål for stiftinga
- c) Storleik på grunnkapitalen
- d) m.m.

3 Søknad til stiftingsregisteret via Bønnøysundregisteret

4 Vedlegg til søknaden til stiftingsstyret

5 Gebyr ved oppretting: kr 3.500 viss eigenkapitalen er lik eller over kr 1000.000.

6 Årleg avgift til Stiftingsregisteret kr 3.500 der eigenkapitalen er lik eller over kr 1000.000

Omdanning av stifting (kap 6 i Stiftingslova)

Etter § 45 i Stiftingslova, gjeld dette m.a.:

- at stiftinga blir oppheva eller avvikla
- at stiftinga blir slått saman med andre stiftingar
- at stiftinga blir delt i fleire stiftingar

Det er strenge krav for omdanning eller vedtektsendring

Dersom stiftinga blir omdanna, skal omdanninga så langt som mogleg tilpassast den opphavlege målsetjinga.

Blir stiftinga avvikla (etter § 52), skal kapitalen som er att (etter kreditorane sine krav er dekkja) brukast på ein måte som svarar til stiftinga si målsetjing eller liknande målsetjingar. Dersom dette ikkje er mogleg, skal kapitalen i staden gå til eit allmennyttig mål.

FOREINING

Det rettslege grunnlaget ligg i at medlemmer av foreininga går saman med målsetjing å drive folkehøgskule.

- Sjølveigande og frittstående juridisk person med upersonleg og avgrensa ansvar for gjeld.
- Kapitalen er knytt til føremålet. *Eigar* er dei som til ei kvar tid er medlemmar, t.d. ei foreining eller einskildmedlemmar. Opprettar vedtek kven som er medlemmar.
- Medlemmane har forvaltingsrettane (min. to personar)
- Årsmøtet er det øvste organet der alle medlemmane har møte- og røysterett
- Ikkje lovregulert med offentleg tilsyn. Det finst ikkje ei eiga lov om foreiningar (sjå lenke under).
- Foreininga kan vedta vedtektsendringar utan krav om godkjenning i Brønnøysundregistra, men det skal rapporterast inn.
- Kan endre organisasjonsform seinare
- Lettare å tilpasse verksemda til endra føresetnader. Det er difor viktig å sikre verdiane for skuledrift i vedtektene.
- Ved oppløysing kan kapitalen gå tilbake til opprettar dersom ikkje vedtektene er formulert slik at ein ved oppretting har fråskrive seg midlane.

Så langt vi har forstått, er foreiningsmodellen ikkje pålagt å betale dokumentavgift. Foreiningsmodellen ligg heller ikkje under noko offentleg kontrollorgan.

Om foreining:

www.altinn.no/templates/Subsidy.aspx?id=9608&epslanguage=nb-NO

Normisjon anbefaler denne organisasjonsforma for sine skular

Opprette foreining

Det er eigar som opprettar foreininga.

Det skal berre sendast rapport/melding til Stiftingsregisteret via Brønnøysund-registra når foreininga er oppretta:

1. Dokument som viser at foreininga er oppretting
 - a) Mål
 - b) Grunnkapital ?
 - c) Styre
2. Vedtekter

AKSJESELSKAP

- Aksjonærane har eigedomsretten og forvaltingsretten over kapitalen
- Lovregulert organisasjonsform
- Dynamisk
- Målet er å få tilført kapital, dvs skaffe inntekter til aksjonærane
- Ideelt aksjeselskap krev mindre kapital (kr 50.000), og krev ikkje betaling av utbyte
- Skattepliktig av overskotet av drifta?
- Aksjonærane kan endre grunnlaget for drifta

Norsk Luthersk Misjonsselskap (NLM) har valt denne modellen for sine skular. Det finst andre folkehøgskular også som har denne organisasjonsforma.

Lov om aksjeselskap: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1997-06-13-44>

Dokumentavgift

Ved oppretting av stifting kan det bli spørsmål om å betale dokumentavgift av verdiane. Det er Statens Kartverk, Hønefoss, som vurderer om opprettar må betale dokumentavgift. Stiftingar som er oppretta til allmennyttige føremål, skal etter lova vere fritakne for dokumentavgift. Om folkehøgskuledrift blir rekna som *allmennyttige føremål*, må vidare undersøkast av den som skal opprette stiftinga. Det er same instans som nemnt over, som kan avgjere det.

Dokumentavgift: <http://www.kartverket.no/dokumentavgift>

Sjå også om fritak for dokumentavgift.

Det er viktig å undersøkje om skulen må betale dokumentavgift på 2,5 % av verdien av eigedommen ved oppretting av stifting før prosessen blir sett i gong. Målsetjinga må vere definert så open og vid at den sikrar vidare drift som er i samsvar med stiftar sine mål for arbeidet, dersom skulen ikkje kan drivast lengre.

Ta kontakt til Brønnøysundregistra for å klargjere kva som må meldast inn, og kva blankett som skal brukast ved oppretting av stifting!

Vurdering

- Både foreining og stifting er sjølv eigande, sjølvstendige juridiske einingar. Foreininga er meir fleksibel enn stiftinga
- Stiftinga gir ein meir langsiktig garanti for folkehøgskuledrift
- Det er vanskelegare og meir omfattande å endre vedtektene for ei stifting enn foreining.
- Ein kan endre foreiningsmodellen til anna driftsform seinare. Det er vanskelegare å omdanne ei stifting.
- Det kan vere lettare å oppfylle eigaren si målsetjing ved foreiningsmodellen enn stifting. Det avgjerande er kor bevisste representantane i stiftingsstyret og skulestyret er på å ivareta eigarane sine interesser. Sidan eigar gir frå seg kapitalen/eigedommen ved stiftingsmodellen, kan det vere lettare å "lausrive" seg frå eigarane i ei stifting enn ei foreining.
- Ved aksjeselskap kan ein få tilført eigenkapital til investeringar og drifta.
- Etter aksjelova kan ein ha fleire eigarar. Dette opnar for ein del spørsmål: Alle eigarane/aksjonærane vil naturleg ha medverknad på drifta. Kva konsekvensar kan det få for målsetjing og forvaltning?
- I alle organisasjonsformene må vedtektene vere klåre og sikre interessene både til folkehøgskuledrifta og eigaren.
- Vedtektene bør ikkje vere for detaljrike. Å endre vedtekter kan vere ein relativt stor prosess. (Det kan vere ein fordel å lage utfyllande retningsliner internt for styrearbeid t.d. og ikkje detaljregulere det i vedtektene).
- Dersom ein vel stifting som organisasjonsmodell, må målformuleringa vere så open og vid at den sikrar vidare drift sjølv om skuledrifta skulle ta slutt (jf det som er skrive over om omdanning av stifting).

22.04.15